

KONTROLLUTVALET I SKODJE KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 26.06.2018, kl. 17.30 – 18.50

Møtestad: Skodje rådhus

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Inge Øye og Pål Aarsæther

Janne Gommesen og Elise Backlund Stavset hadde ikkje meldt forfall.

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte konstituert leiar Kurt Løvoll.

Frå kommunen møtte ordførar Dag Olav Tennfjord og ass. rådmann Malin Piegsa.

I sak 15/18 møtte Vidar Hofseth, XPRO.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Kontrollutvalet bestemde å behandle sak 15/18 etter godkjenning av møtebok.

Sak 13/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 24.05.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 24. mai 2018 blir godkjent.

Sak 15/18 - Orientering om kommunale byggeprosjekter ved Vidar Hofseth.

Saka vart lagd fram utan tilråding til vedtak.

Leiar Rolf Liebich fremma på vegne av kontrollutvalet fylgjande forslag:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande. Kontrollutvalet inviterer tilbake Vidar Hoseth når prosjektet Runnane er fullført i løpet av våren 2019.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande. Kontrollutvalet inviterer tilbake Vidar Hoseth når prosjektet Runnane er fullført i løpet av våren 2019.

Sak 14/18 - Forvaltningsrevisjonsrapport «Saksutgreiing og oppfølging av politiske vedtak i Skodje kommune».

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.06.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak til innstilling:

1. Skodje kommunestyre tek Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 01/2018: "Saksutgreiing og oppfølging av politiske vedtak i Skodje kommune" til vitande.
 2. Skodje kommunestyre ber rådmannen leggje fram ei eiga sak for kommunestyret i høve dei tilrådingar ved saksutgreiing og oppfølging av politiske vedtak som rapporten foreslår.
-

Eventuelt:

1. Leiar Rolf Liebich orienterte kontrollutvalet om at kommunestyret vil velje nytt kontrollutval på fyrste møte etter sommarferien. Dette fordi medlem Elise Backlund Stavset blir innvilga fritak pga. utanlandsopphald.
2. Vidare oppfølging av Furelia: kontrollutvalet ynskjer at dagleg leiar i ÅRIM deltek på neste møte og gir ei orientering om kva høve kommunen har for å få avlutta denne saka.

Rolf Liebich
leiar
(sign.)

Inge Øye
nestleiar
(sign)

Pål Aarsæther
medlem
(sign.)